

Statusrapport haust 2019

Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø

Av: Anette Hesjedal

Innhold

Samandrag.....	3
1.0 Handlingsplan	4
2.0 Innleiing	7
3.0 Tiltak for å heve sosial kompetanse	8
3.1 LINK til livet i norske klasserom.....	8
3.2 MOT	9
3.3 Dialogduk.....	10
4.0 Samarbeidsprosjekt.....	11
4.1 Fysisk aktivitet og SFO: Ungdom og barn – saman skapar vi aktivitetsglede.....	11
4.2 Prosjekt «Betre læringsmiljø – Alver» (BLM)	11
4.3. Foredragsrekka	12
4.4. ICDP – International Child Development Programme.....	13
4.5. I vanskelege saker.....	13
4.6. Samarbeid med Ungdomskoordinator	13
4.7 Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBS)	13
4.8 Temamøte for tilsette i barnehage og skule	14
5.0. Beredskapsteam	15
5.1. Lokalt team.....	15
5.2. Kommunalt team.....	16
6.0 Eksterne aktørar	17
7.0 Lokalt engasjement og synleggjering	18
8.0 Ressursbruk	19
9.0 Har prosjektet gitt mening og sett spor?	20
10.0. Resultat frå elevundersøkinga.....	22
11.0 Konklusjon	23
Vedlegg.....	25

Samandrag

Bakgrunnen for prosjektet var eit politisk engasjement for å hindre mobbing i skulen og sikre at alle barn skal vere trygge på skulen. Dette resulterte i eit vedtak om å bruke 1 million per år i eit toårig prosjekt. Ei styringsgruppe vart sett i gang, og dei formulerte mål for prosjektet:

- Sikre barn og unge eit trygt og godt skule- og oppvekstmiljø
- Sikre nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering

Innsatsområder	Delmål
Skape gode oppvekstmiljø - saman	<ul style="list-style-type: none">• Gi informasjon og opplæring• Skape arena for dialog (byggje kunnskap saman)• Miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt
Demokrati og medborgarskap	<ul style="list-style-type: none">• Stimulere barn og unge til å bli aktive medborgarar• Styrke foreldresamarbeidet skule/barnehage gjennom FAU• Meir aktivitet i elev- og ungdomsråd
Livsmestring og folkehelse	<ul style="list-style-type: none">• Temadag for føresette• Gi barn og unge kompetanse som fremjer god psykisk og fysisk helse (positivt sjølvbilete, trygg identitet, mediebruk, rusmiddel, setje grenser, handtere følelsar, konflikthandtering m.m.)

Prosjektleder Anette Hesjedal vart tilsett og starta i februar 2018. Rektor på Meland ungdomsskule, Hilde Brendehaug Hugaas, vart prosjektansvarleg. Såleis fekk prosjektet organisatorisk tilhøyrse under ungdomsskulen, samstundes som det var tydeleg at born- og unge i heile kommunen skulle nytte godt av prosjektet.

Denne rapporten vil oppsummere kva som har blitt gjort og kva behov prosjektet ser er naudsynt å ha fokus på i det vidare arbeidet for å skape trygge og gode miljø for barn og unge i Meland kommune. Tiltaka og verktøya som fungerer godt bør vidareførast inn i Alver kommune.

1.0 Handlingsplan

Prosjektleiar	Prosjektplan: Februar 2018 - desember 2019 Anette Hesjedal				
Delmål:	<ul style="list-style-type: none"> • gi informasjon og opplæring • skape arena for dialog • miljøarbeid • stimulere barn og unge til å bli aktive medborgarar • gi barn og unge kompetanse som fremjer god psykisk og fysisk helse 				
Mål, kva kan vi gjere:	Tiltak, korleis kan vi gjere det:	Kvifor skal vi gjere det?	Ansvar, kven skal gjere det:	Kostnad:	Vurdering, nådde vi målet? Kvifor/kvifor ikkje
God sosial kompetanse	MOT	Livsmeistring. Skulemiljø – strategisk, målretta, overordna	Anette, rektorane, Ungdomskoordinator	60.000	Oppstart haust 2019.
	LINK	Livsmeistring	Lærarar -heile grunnskulen	-	LINK er tatt i bruk på skulane i ulik grad. Gratis og brukarvennleg
	Zippys venner	Livsmeistring	Lærarar på småtrinn		Brukt systematisk på Grasdal, meir variabelt på dei andre skulane
	Felles sosiale mål	Sosial kompetanse - System, målbart, felles	Rektor og lærarar		Ikkje lukkast med ein felles plan på skulane. Likevel eit kontinuerleg arbeid på den einskilde skule og barnehage. MOT vil dekke noko av arbeidet på ungdomsskulane
	«Dialogduk» - verktøy utarbeidd av mobbeombod, DuBestemmer og Medietilsynet...	Digital dømmekraft-opplæring av foreldre	Kontaktlærar på 2. og 3.trinn med hjelp frå Anette	30.000	Gode tilbakemeldingar frå kontaktlærar, FAU og foreldre
	Miljøarbeid i skule	Styrke barn og unge sitt sjølvbilete og framtidstru	Anette i samarbeid med skule	-	Nyttig og interessant. Prosjektleiar har kome tett på og i posisjon til å hjelpe og rettleie. Tilbakemeldingane er gode. Miljøterapeut er absolutt ein ressurs å ha på skulane
Trygge overgang frå barnehage til skule	Overgangsplan	Skaper tryggleik for 1.klasse. Eks.	Anette, i samarbeid med barnehage og lærarar på småtrinnet	-	Mål ikkje nådd, fortsett ein god ide og bør gjennomførast

		Spel, songar, leiker, bøker			
Etablere team for trygge og gode miljø	Kommunalt team og lokalt team på kvar skule og barnehage, i kyrkja og i idrettslag	Arbeide systematisk med miljø. Samarbeid og nettverk.	Anette både i oppfølging av teama og som leiar av det kommunale teamet	-	Lokale team på skulane har fungert godt. Gode tilbakemeldingar frå rektorane. Kommunalt team fungerte godt ein periode. Har hatt nokon saker i kommunalt team. Dette bør arbeidast med i Alver kommune.
Skape engasjement i kommunen	Temamøte med Andreas Gravdal 30. august 2018.	Fokus på oppvekstmiljø og voksne sitt ansvar	Anette	30.000	Vellykka. Godt oppmøte og gode tilbakemeldingar.
	Facebook-side		Anette	-	200 følgjarar. Delar artiklar og informasjon til vaksne i kommunen. Når ut til mange, ikkje berre foreldregruppa. Vellykka.
	Snapchat		Anette	-	Vanskeleg. Lite respons og engasjement frå ungdommane
	Logo/slagord		Anette m/skule, barnehage og ungdomsråd	-	Flott logo. Er tatt mykje i bruk i skulane.
	Synleggjering gjennom lokalavisa	Auka fokus på gode tiltak i Meland kommune	Anette	-	Auka fokus på gode tiltak i Meland kommune Har vore fleire reportasjar og annonseringar.
Kompetanse og kunnskap om mobbing	Føredrag med Ingrid Lund 5. november.	Alle tilsette i barnehage og skule får opplæring	Anette	70.000	Alle tilsette i barnehage og skule i Meland kommune deltok. Gode tilbakemeldingar frå føredraget.
	Felles ide-bank og litteratur tilgjengeleg for alle tilsette i skulen	Informasjon, tips og forslag til arbeid med det psykososiale miljø i skulen	Anette		Ikkje gjennomført. Fortsatt ein god idè.

	Nettverksgruppe	Auke kompetanse og sikre rett handtering av saker	Anette	3.000	Nettverksmøte vår 2019. Tverrfagleg samarbeid med mobbeombod. «Trygge og gode miljø på sosiale og digitale media»
Tverrfagleg samarbeid i arbeid om god fysisk og psykisk helse	Samarbeid med helsesjukepleiar, fysioterapeut og kommunepsykolog -	Arbeide mot felles mål	Anette		Vi har hatt gode samarbeid rundt konkrete saker og overordna miljø saker. Vi har også samarbeida mykje omkring foreldrerettleiing, ICDP
Kompetanseheving for tilsette i SFO	Hordaland idrettskrets held kurs	Auka fysisk aktivitet. MÅL: Nå dei som ikkje deltek i organisert aktivitet og auka aktivitet i SFO	Anette og Ingrid Aurdal	12.000 Midlar frå HFK	Kurs gjennomførast august 2019
Auka fysisk aktivitet i SFO	Samarbeid valfag «fysisk» og SFO.	Betre kunnskap og meir organisert aktivitet i SFO	Anette og Ingrid Aurdal	30.000 Midlar frå HFK	Prøveprosjekt 2018/19. Oppstart av eige valfag hausten 2019. Ungdommar får kompetanseheving frå Hordaland Idrettskrets
SLT	Undersøkje behov/moglegheit for SLT-koordinator	Førebygge, samarbeid og oppfølging	Anette		Ikkje aktuelt. Kanskje aktuelt i Alver kommune
Prosjekt «betre læringsmiljø – Alver» Samarbeid med Lindås, Radøy og Meland	Utarbeide standard for Alver	Sikre lik praksis	Anette – leiar for arbeidsgruppa Kari Sæle - prosjektansvarleg		Standard utarbeida og levert til styringsgruppa. Nyttig arbeid
Foreldre-rettleiing	Sertifisering ICDP «International Child Development Programme»	Styrke foreldre sitt samspel med barn	Anette – sertifisering, Meland kommune		Gjennomført fleire foreldrerettleiingskurs. Gode tilbakemeldingar – godt tilbud frå kommunen


2.0 Innleiing

Prosjektleiing starta i stillinga februar 2018, stasjonert på Meland Ungdomsskule.

Prosjektmandatet var på same tid tydeleg og likevel lite konkret. Det var store og viktige mål. Med god hjelp og rettleiing frå prosjektansvarleg, skulerådgjevar og barnehagerådgjevar fann vi saman eit utgangspunkt for å kome i gang med oppdraget. Arbeidet kan delast inn i tre ulike fasar;

- 1) Kartlegging av no-situasjon.
- 2) Handlingsplan. Relasjonsbygging og etablere gode samarbeid i kommunen.
- 3) Drift, oppfølging av arbeidet, skape engasjement, miljøterapeutisk arbeid og prosjektleiing.

Fase 1 varte nokre månader, og var ei viktig, men også krevjande tid. Å byggje opp eit prosjekt kring eit så vidt tema krev mange vegval. Først kring sommaren 2018 var mange avgjerder på plass, og ulike tiltak under planlegging. Første store hending var temamøte i august 2018, der både foreldre og kommunalt tilsette møtte. Fokuset var på korleis det å byggje eit godt oppvekstmiljø kravde samarbeid i lokalmiljøet. Frå sommaren 2018 gjekk prosjektet over i fase 2 der handlingsplan blei utarbeidd på eit meir konkret nivå, og ulike tiltak byrja å ta form. Vi er no inne i fase 3, og fokuserer på korleis prosjektet kan setje varige spor.



3.0 Tiltak for å heve sosial kompetanse

Kva er sosial kompetanse og kvifor er det viktig?

I følgje Udir er sosial kompetanse

- ein føresetnad for verdsetting, vennskap og sosial integrering
- ein ressurs for å meistre stress og problem
- ein viktig faktor for å motverke utviklinga av problemåtferd

WHO seier at skulen kanskje er den aller viktigaste arenaen for å førebyggje psykiske helseplagar. Ein stor del av kvardagen for barn og unge er på skulen. Det som skjer der har derfor stor tyding både for den einkilde og for samfunnet. Å arbeide med sosial kompetanse er veldig viktig.

For å nå måla i prosjektet, er det altså ein føresetnad å arbeide med nettopp sosial kompetanse. Det blir i stor grad arbeidd med sosial kompetanse, både i barnehage, skule og på fritidsarena for barn og unge. Prosjektet si rolle har vore å sikre at gode system, verktoy og gode tiltak er på plass. I tillegg til system og verktoy som brukast er det viktig at tilsette i barnehage og skule har forståing for arbeidet. Gode prosessar, refleksjonar og det mellommenneskelege arbeidet som blir lagt ned er svært viktig for å lukkast med å bygge god sosial kompetanse blant barn og unge.

Under vil noko av verktoya og tiltaka som prosjektet har satt i gang bli skissert:

3.1 LINK til livet i norske klasserom

Alle skulane i Meland har vorte introdusert for verktøyet LINK – livsmeistring i norske klasserom. LINK skal vere enkelt å bruke og skal kunne gjennomførast av den «vanlege» lærar i vanlege klasserom. Det trengst ingen spesiell kompetanse eller spesielt utstyr. Det er også gratis. LINK er utarbeidd av lærarar i samarbeid med helsesjukepleiar og tilsette ved RTVS Sør. LINK fokuserer på moglegheit og meistring, på leik og livskraft.

Til kvar samling er det utarbeidd ei eiga kortfatta rettleiing. Den er retningsgivande, og skal gje den enkelte lærar tryggleik i høve til temaet som skal takast opp. Opplegget er fleksibelt og blir tilpassa etter behovet til den enkelte klasse.

Måla med LINK er:

- Å bidra til å styrka den enkelte sitt sjølvbilette
- Å bidra til oppleving av å høyre til
- Å gi trening i konstruktive meistringsstrategiar

Eit positivt sjølvbilete, oppleving av å høyre til og meistring er tre element som er grunnleggjande viktig for livsmeistring og god psykisk helse. Det er sentrale byggjesteinar som kan gje det enkelte mennesket eit solid fundament å byggje livet sitt på. Hensikta er å gi eit pedagogisk verkemiddel som kan bidra til auka livsmeistring og betra folkehelse for barn og unge. Tilbakemelding frå lærarar som brukar LINK systematisk i arbeidet sitt, er at LINK er eit viktig og godt verktøy som legg til rette for refleksjon og gode samtalar. Det er mykje som skjer på fritida til elevane som ikkje lærar har innsyn i, og som i utgangspunktet ikkje har noko med skulekvardagen å gjere. Likevel er det slik at det som skjer på fritida, påverkar skulekvardagen. Lærarar fortel at å bruka LINK har avdekt fleire hendingar på fritida, til dømes på fotballtrening. Dette har vore nokså alvorleg, og informasjonen har vore ny for både lærar og føresette. Dette er ikkje unikt. Vi treng verktøy i skulen som gjer det lettare å snakka om korleis vi har det, korleis vi vil ha det. Barn og ungdom må oppleve at dei har trygge rammar og trygge vaksne, som legg til rette for dei gode samtalanene og som tar tak i utfordringane. I dømet her gitt, resulterte det i god dialog med heim og gode tiltak både på fotballtrening, føresette seg i mellom og på skulen. Det er slik vi må ha det – gode samarbeid som er sett i system. Først då blir det mindre sårbart og mindre personavhengig.

3.2 MOT

Frå hausten 2019 blir ungdomsskulane i Meland kommune MOT-skular. MOT bidrar positivt til mange av dei utfordringar som samfunnet vårt møter i høve til rusmisbruk, vald, kriminalitet, mobbing, psykiske vanskar og utanforskap. MOT meiner at å styrke ungdom sin robustheit og mot, er nøkkelen til å skape eit varmare og tryggare samfunn. Prosjektleder vil fungere som MOT-koordinator i kommunen og skal vere MOT-coach saman med ein lærar frå Rossland ungdomsskule, lærar frå Meland ungdomsskule og ungdomscoordinator i Meland. Eit slikt program i skulen vil vere gunstig i arbeidet med å skape eit samfunn for alle. Det er viktig at MOT blir godt forankra på skulane og i kommunen. Rektorane våre har vore med på opplæring i Trondheim, saman med coachane. Lærarane på skulane skal bli godt kjende med MOT gjennom planleggingsdagar og kurs.

Meland kommune er godt i gang med det førebuande arbeidet. Føresette, trenarar, frivillige og alle vaksne som arbeider eller har ansvar for barn og unge, vil få tilbod om å bli godt kjent med MOT sin filosofi, verdiar og verktøy. Dette er ein satsing som ungdommane vil vinna på. Lindås og Radøy har òg MOT på sine ungdomsskular og tilbakemeldingane er gode. Meland, Radøy og Lindås har eit kommunesamarbeid i dette arbeidet.





3.3 Dialogduk

Det er verken taus eller ny kunnskap at sosiale media opptek barn og unge i stor grad. Likevel er det mangelfull kunnskap på korleis vaksne skal sikre at barn og unge får eit trygt og godt miljø på sosiale media. Det er ein arena som er vanskeleg å kontrollere – spesielt med mangelfull kunnskap. Dette er noko som tilsette i kommunen som arbeider med barn og unge må tileigne seg, men det er like viktig at foreldre tileignar seg denne kunnskapen. Det er eit arbeid som ikkje stoppar med kunnskap, men er også eit haldningsskapande arbeid og eit arbeid som må gjerast i fellesskap.

Det er heilt klart at førebygging må starte i tidleg alder. Alle barneskulane i Meland skal i 2. og 3. klasse ha fokus på digital dømmekraft på foreldremøte. Dei skal bruke eit samtaleverktøy kalla «dialogduk» som mobbeombodet i Buskerud har utarbeidd i samarbeid med DUBestemmer og Medietilsynet. Målet er å fremje dialog og involvering rundt temaet «Digital dømmekraft og foreldre som rettleiar og rollemodellar for barna».

Prosjektleiar har i samarbeid med skule arrangert temakveld for foreldre og elevar med tema sosiale media. Vi hadde panel med politi, helsesjukepleiar, ordførar, sosiallærer og ungdommar frå ungdomsrådet. Å arrangere møte kor ungdommane si stemme blir høyrte, i tillegg til å legge fram fleire perspektiv er nyttig. Vi har ulik kunnskap og ulik tilnærming. Å få synleggjort fleire aspekt ved ei og same sak kan auke forståinga og innsikt.

Å lage ein handlingsplan for trygge og gode miljø på sosiale media er verdt å sjå nærmare på i det vidare arbeidet. Ein handlingsplan som blir synleggjort og forankra kan bidra til ein kollektiv innsats for å sikre barn og unge trygge miljø på sosiale media. Samstundes er dette eit stort arbeid som vil krevje tid for å lukkast.

Digitale verktøy er komen for å bli. Vi må snakke saman, dele erfaringar, lytte til barn og unge, engasjere foreldre og forstå korleis vi må forholde oss til digitale og sosiale media. For å gjere nettopp det, er det nyttig med gode møteplassar kor gode moglegheiter og kloke strategiar kan drøftast.

4.0 Samarbeidsprosjekt

Gode samarbeid er ofte nøkkelen til suksess. For å jobbe med måla i prosjektet har samarbeid og felles fokus vore viktig. Sett frå prosjektleiari sin ståstad blir Meland kommune stadig betre på samarbeid når det gjeld barn og unge sine oppvekstvilkår. Det er mange, gode, etablerte møtepunkt og samarbeid. Politi har til dømes godt samarbeid med skule.

4.1 Fysisk aktivitet og SFO: Ungdom og barn – saman skapar vi aktivitetsglede

Dette handlar om samarbeid med fysioterapeut i skulehelsetenesta og lærarar i valfaget. Mål: auka fysisk aktivitet, ungdommar som rollemodellar og øving i å halde gruppeaktivitet. Frå hausten 2019 tilbyr Meland Ungdomsskule dette som eit valfag for elevar. 13 ungdommar skal halde aktivitet for barn i SFO ein gong i veka på Grasdalen skule og Sagstad skule. Ungdommane som vel valfaget får eit 16-timarskurs frå Hordaland idrettskrets. Vi har fått midlar til prosjektet hos Hordaland fylkeskommune. I tillegg skal tilsette i SFO få eit mini-aktivitetsleiarkurs for å heve kompetansen og sette fokus på aktivitetsglede og meistring.

4.2 Prosjekt «Betre læringsmiljø – Alver» (BLM)

Prosjektet *Betre Læringsmiljø* inngår som del av eit komplekst arbeid retta mot barn og unge. Eit hovudmål for dette arbeidet kan samlast i følgjande målsetting:

- **Trygge barn som medverkar, lærar og meistrar**

Å lære handlar om å utvikle seg fagleg og sosialt, men også om å erfare korleis ein jobbar for å lære. Kva for læringsstrategiar som fungerer, og korleis ein kan møte motstand og utfordringar i læringsprosessen.

Å meistre handlar om vurdere og bruke kunnskapar og ferdigheiter på ein god måte i møte med faglege, sosiale, praktiske og emosjonelle situasjonar og utfordringar. Haldningar, erfaringar og verktøykassa ein har med, vil prege vurderingar og val ein gjer.

Å medverke handlar om å delta, om å vere ein aktør i det som handlar om eige liv og utvikling. Det inneber at barn og unge si stemme blir høyrte, og dei er med i vurderinga av eigen ståstad og neste steg i eiga læring.

Delmål i prosjektets fase 1

- synleggjort ståstad i høve til heilskap og system i førebyggjande arbeid med å skape gode læringsmiljø i barnehage og skule i Meland, Radøy og Lindås
- synleggjort sentrale dimensjonar, prinsipp og verdiar i arbeid med å skape gode læringsmiljø tufta på evidensbasert kunnskap
- utarbeidd forslag til standard for førebyggjande arbeid med å skape gode læringsmiljø i barnehagar og skular i Alver kommune
- identifisert utviklingsbehov for å fremme samsvar mellom ståstad og standard
- levert ei grunnleggjande tilråding i høve til bruk av program

Dette er eit spennande og lærerikt prosjekt å delta i. Prosjektleiari, Anette Hesjedal, har fungert som leiari av arbeidsgruppa i BLM. Arbeidsgruppa har besøkt 18 barnehagar og skular i Lindås, Radøy og Meland. I samtalar med barnehage og skule har ein innhenta data om god, etablert praksis. Det har vore kjekt å reise rundt og snakke om det man er god på, suksessfaktorar og dei gode praksisforteljingane. Dette har også vore nyttig for prosjekt trygt og godt- oppvekst og skulemiljø sine mål.

4.3. Foredragsrekka

Foredragsrekka er eit samarbeidsprosjekt mellom Frivilligsentralen, UngMeland, Ungdomsadministrator og prosjektet. Foredragsrekka inngår som ein del av aktivitets- og kulturprogrammet i Alver. Aktivitets- og kulturprogrammet tilbyr eit rikt utval av både konsertar, turar, samlingar og utstillingar. Samarbeidspartane kring foredragsrekka er glade for å kunne tilby innbyggerane inspirerande foredrag med eit klart budskap – inkluderande fellesskap.

Målsetting for prosjektet

- Gi ungdom verktøy til å handtere kvardagen
- Skape engasjement og sette fokus på psykisk helse og livsmestring
- Gi foreldre og andre vaksne kunnskap og gode strategiar i møte med ungdom
- Inspirere foreldre og andre vaksne til å vise interesse for og følgje opp ungdom
- Felles fokus i Meland/Alver kommune

Målgruppe for prosjektet

- Ungdom
- Foreldre
- Tilsette i skule og andre kommunale tenester
- Frivillige og inkluderingskontaktar i frivillige organisasjonar
- Foredraga blir lagt opp separat for ungdom og for vaksne

Gjennomføring og vidareføring

02.10.19 – Alexander Skadberg

08.11.19 – Helsesista

04.12.19 – Gisle Gjevestad Agledahl

Styret i UngMeland er medarrangør og vil møte foredragshaldarane tidlegare på dagen for å stille spørsmål og drøfte tematikken.

Vi ønskjer å vidareføre prosjektet inn i Alver kommune. Vi ønskjer ein «rød tråd» i føredragsrekka som vi trur vil bidra til å skape ein kultur for å delta på arrangement og til å dra i same retning (tilsette, vaksne og ungdommane).

Prosjektet er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen, ungdomsklubben UngMeland, ungdomskoordinator og prosjektleiar for trygt og godt oppvekst- og skulemiljø i Meland kommune. Vi har stor tru på tverrfagleg samarbeid og medverknad frå ungdommane. Det er dei som veit kva som opptar dei, kva utfordringar dei står oppi i kvardagen og kor «skoen trykker». Med eit felles fokus trur vi at vi lettare kan lukkast i å engasjere og involvere flest mogleg av både tilsette og innbyggjarar i kommunen.

Alle foredragshaldarar er godt kjende for ungdommen gjennom tv og sosiale media.

4.4. ICDP – International Child Development Programme

ICDP er eit lågterskel foreldrerettleiingsprogram. 8 vekers kurs for føresette og tilsette i barnehage. Tilbakemeldingane har vore svært gode. Dette er ein satsing som er førebyggjande og viktig. Kommunen tilbyr kurs nokså fortløpande.

4.5. I vanskelege sakar

I vanskelege sakar kan det kommunale teamet for trygge og gode miljø komme inn som ein ressurs. Teammedlemmane har sine faste arbeidsoppgåver i sine stillingar.

Som prosjektleiar er stillinga fleksibel og kan i stor grad styre timeplan etter behov. Det betyr at i vanskelege sakar som blir meldt frå skule eller barnehage, kan prosjektleiar vere ein ekstern ressurs inn. Det er stor verdi å kunne følgje ein sak tett og ha fleksibilitet til å tilpasse behov og arbeidsoppgåver.

4.6. Samarbeid med Ungdomskoordinator

Prosjektet og Ungdomskoordinator samarbeider tett kring ungdommane, både i MOT, arrangement, og der vi ser tendensar til utfordringar. Dette arbeidet er verdifullt for å sjå skule og fritid i samanheng. Med ulik kompetanse og ulike arbeidsoppgåver har vi fleire mål som er dei same – eit godt oppvekstmiljø for ungdommane i Meland.

4.7 Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBS)


Prosjektleiar sit i prosjektgruppa til prosjektet IBS. Prosjektet går over to år og startar i 2020. Prosjektets formål er å;

- Styrkje barnehage, skule og eigar sin kompetanse i å skape og oppretthalde gode barnehage- og skulemiljø
- Styrkje barnehage, skule og eigar sin kompetanse i å førebyggje, avdekkje og handtere mobbing og andre krenkingar
- Styrkje barnehage, skule og eigar sin regelverkskompetanse og pedagogiske kompetanse
- Styrkje barnehage, skule og eigar sin kompetanse i å drive kvalitetsutvikling lokalt

Som formålet viser til, vil mykje av arbeidet i prosjekt trygt og godt oppvekst- og skulemiljø bli vidareført inn i den nye satsinga. Ein viktig intensjon med IBS er å oppnå varig praksisendring som når flest mogleg. Formålet er å byggje kompetanse i barnehage, skule og kommune. Det er Utdanningsdirektoraret som er ansvarleg for prosjektet, og Lindås og Meland startar opp januar 2020. Radøy har allereie starta.

4.8 Temamøte for tilsette i barnehage og skule


Prosjektleiar arrangerte felles planleggingsdag for tilsette i barnehage og skule. Professor i spesialpedagogikk – Ingrid Lund, formidla med engasjement og klokskap korleis vi må arbeide for å skape trygge og gode miljø for barn og unge. Lund er ein anerkjent forskar på området. Tilsette i barnehage og skule arbeida både i forkant og etterkant med oppgåver tilpassa føredragets innhald. Tilbakemeldingane var gode. Det er grunn til å tenke heilheit i dette arbeidet også i Alver kommune.



5.0. Beredskapsteam

Hausten 2018 etablerte alle barnehagar og skular i Meland kommune lokale team for trygge og gode miljø. Hensikta er å ha gode møtepunkt kor miljø er tema. Dette for å sikre systematisk arbeid med å kartlegge styrker og forbedringspotensiale lokalt på kvar eining.

Kommunen etablerte eit kommunalt team for trygge og gode miljø. Teamet fungerer tilsvarande som eit beredskapsteam mot mobbing, men teamet har også meir generelt fokus på trygge og gode miljø – ikkje berre mobbesakar. Det kommunale teamet skal òg arrangere kompetanseheving/kurs for dei lokale teama.



5.1. Lokalt team

Barnehagane og skulane i Meland har oppretta lokale team for trygge og gode miljø. Møtepunktta er faste og i skulen er SFO-leiar med på møte, noko som er formålstenleg for å sikre samanheng mellom skule og SFO si handtering av saker. Slik får teamet drøfta styrkar og utfordringar både i skulen og SFO. I tillegg til SFO-leiar er minst ein frå skuleleiing, lærarar og pedagogiske medarbeidarar med i teama. Hensikta ved å ha team i barnehage og skule er å hente fram det ein er god på og samstundes ha ein arena for å drøfte kva ein må gjere betre. Det blir eit systematisk arbeid som rektorar og styrarar i barnehage melder tilbake fungerer godt.

Kyrkja har og oppretta team for trygge og gode miljø. Kyrkja er i kontakt med barn og unge gjennom mange møtepunkt. Det er viktig med gode samarbeid, involvering og felles satsing i kommunen.

Idrettsrådet skal og ha miljø på agendaen på sine møte. På sikt er det eit ønske at idrettslaga skulle opprette team, men dette har vi ikkje lukkast med endå. Likevel er dette eit mål som vi kan arbeide

vidare mot. Idrett er ein viktig arena kor god førebygging bør skje. I idrettsrådet er alle idrettslaga representerte og det er ein god start for å arbeide godt med miljø i idrettslaga og klubbane i Meland kommune. Korps og kulturskulen bør også involverast i dette arbeidet.

5.2. Kommunalt team

Det er oppretta eit kommunalt team for trygge og gode miljø. I teamet sit oppvekstsjef i Lindås, Kristin Moe, kommunepsykolog, leiar for PPT, barnehagerådgjevar, leiar for helsestasjon og prosjektleiar. Hensikta med teamet er å støtte barnehage og skule i vanskelege miljø saker. Barn/ungdom og foreldre kan og melde frå til prosjektleiar som er leiar av temaet, viss dei ønskjer å løfte opp ei sak for det kommunale temaet. Teamet er eit rådgjevande organ.

Etter etablering av teamet har vi fått inn fleire saker. Det er både skule og føresette som har meldt inn saka. Tilbakemelding frå rektorar er at teamet er nyttig å ha. Det er mykje kompetanse i teamet og vi kan saman sjå moglegheitene i saka og stille spørsmål og foreslå tiltak som bidreg til løysingar. Eit tilsvarande team i Alver kommune bør takast opp til vurdering.

Det kommunale temaet skal og arrangere kompetanseheving og kurs ein til to gonger i året. Vi ser då på kva område vi treng meir kompetanse. I mars arrangerte prosjektleiar temamøte: *Korleis sikre trygge og gode miljø på sosiale media?* Dette var stor suksess. Mobbeombod frå Hordaland deltok på møte og hadde eit føredrag for oss. Alle dei lokale teama var inviterte, i tillegg til ungdomsråd, helsesjukepleiarar, Salto og ungdomskoordinator. Totalt var vi i overkant av 40 personar. Vi arbeida i grupper med ulike oppgåver og kom fram til mange gode tiltak til korleis vi kan arbeide med tematikken vidare. Refleksjon og perspektivtenking har stor effekt, i tillegg til konkrete tiltak. Fleire ga tilbakemelding om at det var nyttig å møtast på tvers av skule, barnehage og fritid. Å ha ungdommar med i arbeidet med miljø, er viktig.

6.0 Eksterne aktører

Guttorm Helgøy, kjent frå sitt arbeid i Fjell kommune med barnehage- og skulemiljø, har vore ein viktig ressursperson for prosjektet. Han har gladleg delt faglitteratur, tiltak og verktøy som Fjell kommune har lykkast med i sitt arbeid.

Tilsette ved Stab oppvekst i Lindås kommune har vore gode bidragsytarar.

Mobbombod Hordaland har fungert som rettleiar for prosjektleiar i nokre saker.

KS har kome med gode innspel for å finne løysningar på ulike saker.

Private nettverk har vore gode å ta i bruk for å skape engasjement kring barn sine oppvekstmiljø og sette det på dagsorden.





Førebygging Nordhordland – eit felles fora oppretta for om lag to år sidan på tvers av kommune- og kompetansegrenser. Miljøterapeuter, skuletilsette, helsesjukepleiarar, politi, Salto, barnevern, ungdomskoordinatorar deltek. Ansvar for treffpunkt går på omgang.

7.0 Lokalt engasjement og synleggjering

For å lukkast med måla i prosjektmandatet treng ein eit engasjement i lokalmiljøa. Føresette, idrettslaga, kyrkja, korps – fritida til barn og unge – spelar alle inn. Vi snakkar om haldningsskapande arbeid – sette fokus på inkluderande miljø, samhald og ansvar for *våre* barn. Tilbakemelding frå innbyggjarar i kommunen er at prosjektet har hatt ein positiv verknad i dette arbeidet. Temamøte har blitt arrangerte med god oppslutning. I tillegg til opne temamøte for alle, har prosjektet arrangert temamøte for alle tilsette i barnehage og skule saman. Målet har vore å ha felles fokus og tenkje felles innsats og tidleg innsats, og møta har fått positiv respons.

Prosjektet fekk ei eiga facebookside som har over 200 følgjarar. Ein snapchatkonto vart også oppretta for å komme i kontakt med ungdommane. Det er viktig å synleggjere at Meland kommune satsar på førebygging for barn og unge, og her har også lokalavisa vore er ein nyttig ressurs. Dei har laga fleire sakar i samband med dette arbeidet.

For å bli endå meir synleg og lage heilskap i arbeidet med barn og unge blei ein logokonkurranse arrangert. Alle skulane og barnehagane blei inviterte til å sende inn forslag på logo til prosjektet. Logoen har blitt brukt både i barnehage, skule og på fritida. Vi har laga ein variant for kvart av områda. Skulane brukar logoen flittig både på lekseplanar, på klassereglar og på andre planar og hendingar. Slik blir prosjektet og arbeidet synleg og forankra, både på skule og i heimane.



8.0 Ressursbruk

Miljøterapeutisk arbeid: Samtalar med barn og unge, rettleiing av tilsette, medverke i tiltaksplanar, arbeide med grupper, oppfølging av elevar. Dette arbeidet burde vore auka i stor grad på alle skulane, men innanfor rammene til prosjektet har ikkje det vore mogleg å arbeide meir enn **kring 30% med miljøterapeutisk arbeid.**

MOT: Koordinering og coach - **Kring 15%**

Prosjektleiing: Drift av tiltak, oppfølging av sakar, arrangere møte og kartlegging av no-situasjon og behov fram i tid. **Kring 25%**

Kommunale team for trygge og gode miljø: **Kring 5%**

Utviklingsarbeid skule og tverrfagleg samarbeid : **Kring 25%**

9.0 Har prosjektet gitt mening og sett spor?

Vurdering frå skulane:

- Auka fokus på skulemiljø og relasjonsbygging.
- Meir systematisk arbeid.
- Ungdom har auka merksemd kring arbeidet.
- Miljøterapeut på skulane er ein viktig ressurs. Prosjektleiar har hatt samtalar, undersøkinger og oppfølging med elevar og tilsette.
- Prosjektet har gjort det enklare å arbeide med vanskelege saker.
- Team-samlingar arrangerte av prosjektet er verdifulle, då vi samlast på tvers av skule og fritidsarena barna er på.
- Logo synleggjer arbeidet vårt og er godt forankra i arbeidet med skulemiljø.

Vurdering frå kommunal barnehage:

- Bruk av logo i personalgruppa
- Auka fokus på Trygt og godt oppvekstmiljø på foreldremøte
- Inntrykk av at private barnehagar har auka fokus på tema
- Drar i riktig retning
- Suksess med felles planleggingsdag
- Prosjektleiar har vore med på styrarsamlingar i Meland og besøkt alle barnehagane

Vurdering frå Frivilligsentralen: «For Frivilligsentralen har det vore eit godt samarbeid med prosjektet trygt og godt oppvekst og skulemiljø. Mitt håp er at vi får fortsette med samarbeidet. Vi har jobba saman om ulike prosjekt der vi har hatt samarbeid med frivillige organisasjonar i Meland.

Meland frivilligsentral og prosjektet trygt og godt jobbar begge på tvers av tenester og er dermed i posisjon til å få til gode samarbeid og gode tilbod til barn og unge på ulike arenaer.

Frivillige organisasjonar i Meland tilbyr mange aktivitetar for barn og ungdom og er ein arena der mange tilbringar fritida si. Det er såleis viktig at vi knyter gode kontaktar og har samarbeid med frivilligheita. For dei frivillige organisasjonane er det viktig å ha ein stad å vende seg til når det oppstår problemstillingar der dei treng råd og rettleiing frå det offentlege. Då er eit slikt prosjekt viktig fordi det går på tvers av ulike tenester.»

Vurdering frå Ungdomskoordinator: «Gjennom min jobb som ungdomskoordinator har eg opplevd «Prosjekt Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø» som svært nyttig. Det har vore ein god samarbeidspartnar i forhold til arbeid med ungdom, både på systemnivå og i felt. Vi har samarbeida om prosjekt der vi ønsker å nå ut til ungdom i eit tidleg stadium, det har vore nyttig i situasjonar der man må løyse ulike problemstillingar med ungdommen, og vi arbeider no med eit større prosjekt som har for mål å nå ut til både ungdom, foreldre og andre vaksne som jobbar i feltet. Eg har også opplevd at ungdommen trivst godt med å ha prosjektleiar med der dei treng ein trygg vaksen som dei kjenner til, både på større arrangement men også på ulike klubbkveldar.»

Vurdering frå helsesjukepleiar: «å ha ein person i kommunen som foreldre, evt skulehelsetenesta/lærarar kan ta kontakt med dersom barnet deira slit med trivsel og liknande på skule/fritid, er utruleg viktig. Blir som ein slags 'lokalt mobbeombod'.

Vidare tenkjer eg at det å ha ein person som kan knyta saman tiltak og tilbod til barn og unge i Meland (Alver) er kjempeviktig.»

Vurdering frå fysioterapeut frå skulehelsetenesta: «Prosjektet har fokus på heile mennesket – både det psykiske og fysiske.

Prosjektet tar tak i problemområde og arbeider førebuande for å hindre framtidige problemstillingar. Koordinering, organisering sette fokus og skaper dialog.»

Vurdering frå Idrettsrådet:

«Idrettsrådet har ved fleire høve samarbeida med prosjektleiar. Det har vore fleire møte kor barnehagetilsette, lærarar på barneskule og ungdomsskule har vore saman med idrettsleiarar for å diskutere og kome fram til gode løysingar som kan betre oppvekstmiljøet i Meland totalt sett.

Korleis kan/har idretten bidra?

Idretten har lang erfaring med at ikkje alle finn seg til rette i lagidrett. Andre finn seg ikkje til rette i organisert idrett og vil gjerne aktivere seg sjølv, men manglar arenaer og tildeling av tid. Korleis skal enda fleire føle seg velkomen og få eit betre tilbod til aktivitet i si fritid? Idretten har tatt utfordringa på alvor og bidradd med blant anna lokale og instruktørar.

Eit variert og godt idrett- og aktivitetstilbod er viktig i ein kvar kommune.

Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø i Meland har påpeika viktigheita av at alle partar må tenkje heilhet. Idretten må vurdere sine anlegg og tilbod i lys av eit heilhetsbilete.



10.0. Resultat frå elevundersøkinga

Elevundersøkinga er eit nasjonalt system for å fange opp elevane sine opplevingar av skulane dei går på. Det er obligatorisk for alle på 7. og 10. trinn å delta, og undersøkinga er digitalt utforma. Resultata blir gjort offentlege i skoleporten.no. Fleire av spørsmåla handlar om mobbing.

I Meland-skulane utvidar vi alltid undersøkinga på barnetrinn til å gjelde heile mellomtrinnet, og på ungdomstrinn deltek alle elevane. Skulane har rutinar for å analysere resultata og setje målsettingar for vidare arbeid. Når ein brukar resultata for heile skulen og ikkje berre for eitt trinn, kan ein arbeide meir systematisk. Utfordringa er i nokre samanhengar at eitt trinn kan ha få elevar, og om ein berre ser på desse resultata kan ein tolke tendensar feil (både i positiv og negativ retning).

Kva kan vi lese av elevundersøking i høve til verknaden av prosjektet vårt? Det er berre gjennomført to undersøkingar etter at prosjektet starta opp. På dei offisielle tala kan vi lese at mobbing på 7.trinn har gått tydeleg ned, og vi ligg under landsgjennomsnittet. På 10.trinn har ikkje situasjonen endra seg stort, og vi ligg over landsgjennomsnittet på mobbetal for dette trinnet. Det er vanskeleg å seie noko utifrå desse tala om prosjektet har hatt effekt eller ikkje. Det er naturleg å sjå på tala over lenger tidsrom. Det er likevel rimeleg å forvente at tilsette, elevar og foreldre har ei breiare forståing, større interesse og anna tilnærming til tolking av elevundersøkinga etter at prosjektet er sett i gang.

11.0 Konklusjon

Det er ei stor oppgåve å sikre barn og unge eit trygt og godt oppvekst- og skulemiljø. Det er ein jobb kommunen må gjere saman med sine tilsette og sine innbyggjarar. Prosjektet har kasta lys over barn sitt oppvekst- og skulemiljø. Prosjektet har bidrege til å skape engasjement rundt temaet. Med eit engasjement, auka kunnskap og styrka fokus er det lettare å dra i same retning. Skal vi lukkast i arbeidet - må vi gjere det saman. Frå prosjektet sin ståstad med si kartlegging og sitt arbeid i prosjektperioden, er det riktig å si at vi er på rett veg. Det er viktig at vi fortset å byggje gode lokalmiljø og har ei felles forståing av arbeidet.

Det er vanskeleg å måle resultat i tal frå prosjektet etter halvanna år. Det vert hevda at det tek minimum fire år før ein kan gjere undersøkingar som vil gje gode svar på effekt.

Ungdata gjer undersøkingar kring ungdommane sitt liv, og gjorde sist si undersøking i 2017. Det vil vere interessant å sjå på resultatata frå kommande undersøking, om dei gir kommunen ein peikepinn på effekt, sjølv om det også her vil vere tidleg å evaluere og måle effekt.

Tilbakemelding på «folkemunne» er at Meland kommune har fått eit auka fokus på inkluderande fellesskap og gode oppvekstvilkår for barn og unge. Prosjektet har truleg hatt ein rolle i dette arbeidet, i lag med alle dyktige tilsette i kommunen som legg ned ein formidabel innsats for barn og unge. Kommunen er også prisgitt engasjerte innbyggjarar. Utan dei på laget er det vanskeleg å lukkast. Det er viktig å tenkje felles fokus. Å skape eit samfunn for alle er ingen «einmannsjobb». Vi må jobbe ilag. Nettopp det har fått ein annan tone enn for nokre år sidan. Mange innbyggjarar viser eit godt engasjement. Dette engasjementet er viktig får plass i det vidare arbeidet for barn og unge sitt skule- og oppvekstmiljø.

Vi har lukkast med mykje. Mange gode tiltak og verktøy er etablerte og forankra. Målet er at tiltaka og verktøya blir tatt i bruk langt utover prosjektperioden. Barn, unge og føresette melder til skule og prosjektleiar at miljøterapeutisk arbeid er av stor verdi. Dette er noko prosjektet meiner har stor nytteverdi for barn og unge. Skulane i Meland ytrar eit tydeleg behov for miljøterapeut i skulane. Frå prosjektet sin ståstad er det heilt klart at miljøterapeut i skulane vil vere ei god prioritering i arbeidet med å skape trygge og gode miljø.

Prosjektet har eit stort mandat. Prosjektleiar har hatt ansvar for prosjektet og samarbeida godt med både barnehagane, skulane og tilsette i andre funksjoner i kommunen. Det har vore heilt naudsynt for å oppnå effekt. Med prosjektet sitt store mandat, har det bydd på utfordringar undervegs. At prosjekt er godt forankra er heilt vesentleg. Prosjektet brukte litt tid i starten (vår 2018) på å finne rotfeste og bli synleg.

Å byggje bru mellom skule og fritid og skape engasjement i kommunen, er eit stort arbeid som krev samarbeid på tvers av fagmiljø og etatar. Dette perspektivet er viktig å ha med i fortsetjinga. Temamøter og foredrag har vist seg å skape interesse og nyfikne i lokalmiljøa. Dette veit vi grunna godt oppmøte. Temamøte og foredrag bør få plass i arbeidet for barn og unge sitt oppvekstmiljø.

Barn, unge og føresette treng stillas rundt seg. Prosjektet har gjort stillaset enda meir stødig. Tilsette og føresette har større støtte rundt barn og unge i Meland kommune i dag. Stillaset må byggast så sterkt og stødig at det vil tåle uvær. Frå og med 1.januar 2020 er prosjektet avslutta, og Alver kommune startar. Det er i den samanheng fare for at noko av det arbeidet som er gjort dei siste to åra, ikkje blir vidareført. Vi vil peike på nokre moment til vidare arbeid:

- Prosjektet meiner det er grunn til å vurder behova for SLT-koordinator. (Samordning for lokale, førebuaende tiltak mot rus og kriminalitet). I Noreg er det om lag 200 kommunar som

jobbar etter SLT-modellen. Det er krevjande å koordinere tiltak rundt barn sine oppvekstvilkår. Kven har oversikta, «dreg i trådane» og har ansvaret for koordineringa? Det vil være gunstig med ei avklaring på dette området – om løysninga er SLT eller blir sikra gjennom andre ressursar.

- Prosjekt Inkluderande barnehage- og skulemiljø vil på mange måtar bli ein forlenga arm frå arbeidet i dette prosjektet. Det bør takast stilling til korleis ein sikrar gode samarbeid mellom ulike fagfelt og etatar.
- I eit folkehelseperspektiv er det viktig med god dekning av tilbod til både barn, ungdom og foreldre som fremmer god psykisk og fysisk helse. Tilsette i skulen ser eit auka behov for elevane til enkel tilgang på samtale og hjelp hos helsesjukepleiar og psykolog. Frå prosjektet sin ståstad er vurderinga den same. Ungdom er også klar i sin tale. Når det gjeld fysisk helse dekker frivilligheita mykje av den oppgåva. Samstundes er det ikkje alle barn og unge som deltek i organisert aktivitet. Fysioterapeut i skulehelsetenesta er ein ressurs i høve til kartlegging av behov og å sette i gang tiltak og møte behova. Såleis vil vi peike på behovet for å prioritere støttefunksjonane som ligg i helsesjukepleiarar, kommunepsykolog og fysioterapeutar.
- Beredskapsteamet som kan støtte barnehage, skule og heim i vanskelege saker vil per i dag vere avhengig av prosjektleiar. Det bør sjåast nærare på organisering av teamet inn i vår nye kommune. Teamet står sentralt i stillaset vi byggjer rundt barn og unge.
- Lokale team for miljø på alle skulane bør vidareførast
- Temamøter for å vedlikehalde og skape engasjement, vere oppdatert og ha felles fokus
- Verktøy for å auke sosial kompetanse i skulen; til dømes LINK, MOT, Dialogduk
- Felles idèbank til både SFO og skule
- Lærande nettverk for tilsette i SFO
- Nettverksgruppe/lærande nettverk: Skule og fritid saman
- Logo bør vidareførast og brukast
- Foreldrerettleiing

Det er ønskje om kontinuitet i arbeidet for å sikre barn og unge gode oppvekstvilkår. Kommunen må sikre både oppfølging heime, på fritid og på skule. Vi har både barnevern, Stab oppvekst, kultur og ungdomsavdeling og mange fleire instansar som brukar heile sin arbeidsdag for å sikre barn og unge ein god kvardag med gode framtidsutsiktar. Det viktige her er samarbeidet. Nokon må «halde i trådane», sikre god gjennomføring, oppfølging og koordinering. Det gjeld både tiltak og bruk av verktøy så vel som å skape dei gode møteplassane og etablere gode samarbeid. Vi må unngå «silotenking» og heller arbeide saman og gjere kvarandre gode. Det er saman vi når dei gode resultatane. Kommunen bør vurdere korleis ansvaret for dette skal koordinerast og gjerast tydeleg.

Vedlegg

Prosjektnr	Namn	Saknr
	Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø	17/3016
Prosjektfase	2018 og 2019	
1. Organisering		
Oppdragsgjevar Rådmann jf. politisk vedtak kommunestyresak nr. 92/2017.		
Styringsgruppe: <ol style="list-style-type: none">1. Hilde Brendehaug Hugaas (Tenesteområdeleiar Meland ungdomsskule og VO)2. Eirik Bouwer Utne (Tenesteområdeleiar Kultur)3. Reidun Elin Johannessen (Skulefagleg seniorrådgjevar)		
Prosjektansvarleg: Hilde Brendehaug Hugaas (tenesteområdeleiar Meland ungdomsskule og VO) med støtte frå skulefagleg seniorrådgjevar.		
Prosjektleiar: Anette Hesjedal		
Prosjektgruppe: <ol style="list-style-type: none">1. Anette Hesjedal (prosjektleiar og miljøarbeider)2. Camilla Smith-Strøm (styrar i Marihøna barnehage), Mobil: 93094048, E-post: camilla.Smith-strom@meland.kommune.no3. Vigdis Valde (Inspektør og lærar på Grasdal skule) vigdis.valde@meland.kommune.no4. Ane Bysheim (Kulturkonsulent og ungdomsarbeider), Mobil: 40906547). E-post: ane.bysheim@meland.kommune.no		
Merknad: Utval for levekår og Ungdomsrådet blir informert om arbeidet av skulefagleg seniorrådgjevar Reidun og Hilde frå styringsgruppa deltek i prosjektgruppa i starten, og ved behov. Prosjektleiar møter fast i styringsgruppa.		
Ressursgruppe (arbeidsgruppe): <ol style="list-style-type: none">1. Mette M. Træland (barnehagefagleg rådgjevar og leiar ressursgruppa)2. Van Ly Nguyen (Kommunepsykolog) E-post: van.ly.nguyen@meland.kommune.no3. Elisabeth Thorland (styrar i Espira Marthahaugen barnehage)4. Kjersti Soldal (Helsesyster) , E-post: kjersti.soldal@meland.kommune.no5. Rossland skule eller Sagstad skule (<i>må avklares, venter på svar frå rektorane</i>)6. Ungdomsklubbløder: (leies inn på timebasis) avklare direkte med Kultursjef Erik Utne7. Trond Egil Soltveit: (dagleg leiar Meland Aktiv) Tlf.: 56 17 55 50, mobil: 91810601, E-post: trond.egil@kvernbit.no		
Referansegruppa: <ol style="list-style-type: none">1. Susanne Slettebakken (Rossland skule, 10. trinn) medlem i Ungdomsrådet2. Idrettsrådet: Namn: Bjørn Tore Hæsjedal (leiar), mobil: 91170645, E-post: bjorn.t.hesjedal@gsk.com3. Marianne Sandvik FAU –representant v/ Marihøna barnehage, E-post: mali.sandvik@gmail.com4. Silje Garlid, FAU –representant ved Sagstad skule, E-post: silje.garlid@gmail.com5. FAU Rossland skule, (<i>venter på tilbakemelding frå rektor</i>)6. Torill Seliussen (Daglig leder i Drømmehagen barnehage) mobil: 90503796, E-post: torill.seliussen@drommehagenbarnehage.no7. Frivilligsentralen ved Siren Grasdal Øvretveit		

8. Salto. Namn: Ingrid Bekkenes, 40648380 eller 97638369. E-post: salto@sing.no eller Ingrid.Bekkenes@lindas.kommune.no
9. Trond Egil Soltveit: (dagleg leiar Meland Aktiv) Tlf.: 56 17 55 50, mobil: 98061940, E-post: trond.egil@kvernbit.no
10. Adolf Hovgaard (Hovduttillitsvald i Utdanningsforbundet), Mobil: 99792102, adolf.Hovgaard@meland.kommune.no
11. Anita Dale (Hovduttillitsvald i Fagforbundet), Mobil: 47618530, E-post: anita.dale@meland.kommune.no

2. Bakgrunn og forankring

I vedtak frå kommunestyret 29.3.2017 i sak nummer 35/2017 står det:

«(...) Rådmannen blir beden leggje fram sak for Utval for levekår og kommunestyret med konkrete framlegg til tiltak for å hindra mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen. På ULK-møtet 30. mai skal politikarar og administrasjonen/rektorar drøfte ytterlegare tiltak for å hindre mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen (workshop). Kommunestyret må få saka til handsaming seinast i møtet 14.06. 2017».

På workshop i Utval for levekår 30. mai deltok rektorane, helsesyster, psykolog frå PPT, representant frå ungdomsrådet, FAU- representantar, kultur- og ungdomskonsulent, samfunnsutviklar, kommunal barnehageleiar, Utdanningsforbundet, rådgjevar helse og skulefagleg rådgjevar. I tillegg var tre eksterne representantar invitert med, to frå Regionalt kompetansesenter for barn og unge (RKBU) og PP-leiar/prosjektleiar for «Trygg i Fjell» frå Fjell kommune. Det kom inn til saman 154 innspel.

Kommunestyresak nr. 92/2017 ArkivsakID 17/1349 står det:

«Kommunestyret viser til saksutgreiing og innspel frå workshop i Utval for levekår 30.05.17. Aktuelle tema frå workshop vert å handtere innan tenesteområde sine noverande system. Skuleåret 2017 - 2018 skal skulane prioritere bruk av tid og kunnskap til å realisere dei nye reglane i § 9 a i Opplæringslova om skulemiljø, som er gjeldande frå 01.08.17.

Kommunestyret ber rådmann etablere eit 2-årig prosjekt for perioden 2018 - 2019. Kostnad er estimert til kr. 2 million, og vert fordelt som følgjer per år:

- Kr. 800.000,- til miljøarbeidarstilling (100%). Stillinga skal sikre prosjektleiing, leiing av beredskapsteam mot mobbing, planarbeid og leggje til rette for dialog, nettverksbygging og miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt. Dette arbeidet inkluderer samhandling med frivillige lag og organisasjonar.

- Kr. 200.000,- til rekrutteringsarbeid, kompetanseheving, nettverksbygging og dialogmøter.

Prosjektarbeidet skal gje mulighet for å arbeide meir overordna, systematisk, langsiktig og breiare med omsyn til oppvekst- og skulemiljø. Tiltaket kan finansierast ved bruk av disposisjonsfond.»

3. Hovudmål og delmål

Hovudmål (overordna)

- Sikre barn og unge eit trygt og godt skule- og oppvekstmiljø
- Sikre nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering

Innsatsområder (Innsatsområda er vegen vi vel å gå)

- Skape gode oppvekstmiljø - saman
- Demokrati og medborgarskap
- Livsmestring og folkehelse

Resultatmål

Resultatmåla skal sikre at vi når dei overordna måla og er direkte kopla til innsatsområda. Vi bruker innspel frå workshop 30.05.2017 når resultatmål og tiltak blir valt.

Innsatsområder	Delmål
Skape gode oppvekstmiljø - saman	<ul style="list-style-type: none"> • Gi informasjon og opplæring • Skape arena for dialog (byggje kunnskap saman) • Miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt
Demokrati og medborgarskap	<ul style="list-style-type: none"> • Stimulere barn og unge til å bli aktive medborgarar • Styrke foreldresamarbeidet skule/barnehage gjennom FAU • Meir aktivitet i elev- og ungdomsråd
Livsmestring og folkehelse	<ul style="list-style-type: none"> • Temadag for føresette • Gi barn og unge kompetanse som fremmer god psykisk og fysisk helse (positivt sjølvbilette, trygg identitet, mediebruk, rusmidlar, setje grenser, handtere følelsar, konflikthandtering m.m.)

4. Økonomiske rammer pr. år 2017-2020 (objektkode 14120)

Økonomi/finansiering	Beløp i kr
Miljøarbeidarstilling 2018 – prosjektleiing, leiing beredskapsteam mot mobbing, planarbeid, leggje til rette for dialog og nettverksbygging, miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt. Ei 100% stilling. Må forvente noko kveldsarbeid.	800.000,-
Miljøarbeidarstilling 2019 – prosjektleiing, leiing beredskapstem mot mobbing, planarbeid, leggje til rette for dialog og nettverksbygging, miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt. Ei 100% stilling. Må forvente noko kveldsarbeid.	800.000,-
Kompetanseheving, nettverksbygging og dialogmøter 2018	200.000,-
Kompetanseheving, nettverksbygging og dialogmøter 2019	200.000,-

5. Avgrensing og presisering**Kva inngår i prosjektet?**

- Fokus på heile opplæringsløpet (Barnehage, barne- og ungdomsskule) 0-15 år
- Lytte og samarbeide med lag og organisasjonar (dei som primært arbeidar med barn og unge). Dele erfaringar byggje kompetanse saman.
- Sosialt fokus på barne- og ungdomsarbeid (ikkje kulturelt fokus)
- Vere ein link mellom dei frivillige, skule, barnehage, kultur m.m.
- Prosjektlear deltek i aktuelle regionale nettverket (t.d. Førebygging i Nordhordland)
- Prosjektlear deltek i felles prosjektet for Meland, Lindås og Radøy kommune «*Betre læringsmiljø*» (Fase 1 og Fase 2)

Kva inngår ikkje i prosjektet?

- Følgje opp saker etter § 9a-4 Aktivitetsplikta på skulane
- Overta Frivilligsentralen sine oppgåver
- Overta kulturarbeid for barn og ungdom (tilbod som eksisterer gjennom kulturskulen og kultureininga)
- Overta SALTO sine oppgåver

6. Risiko**Risikoområder:**

- Få frivillige lag- og organisasjonar til å stille på møter på dagtid og kveld
- Unngå at prosjektet opprettar tiltak og aktivitetar som inngår i allereie etablerte system

<ul style="list-style-type: none"> ▪ Klare å skape samanheng (koherens) i utviklingsarbeidet (målrette innsatsen, utvikle samarbeidskultur, skape ansvarskultur og leggje til rette for djupdelæring) <p><u>Tiltak for å redusere risiko:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Ta direkte kontakt med utvalde for å sjekke om dei ønskjer å delta i referansegruppe ▪ Spreie informasjon om prosjektet og avklare grenseoppgang mot andre tiltak og prosjekt
<p>7. Framdrift</p> <p>Det vert utforma oversyn framdrift/milepæl i eige dokument.</p>

Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
01.	22.02.2018	Dokument etablert	Styringsgruppa
02.	19.04.2018	Lagt: <ul style="list-style-type: none"> - Siren Grasdøl Øvertveit til i referansegruppa - Bjørn Tore Hesjedal til i referansegruppa - Van Ly til i arbeidsgruppa 	Skulefagleg rådgjevar
03.	25.06.2018	- i punkt 3 under innsatsområde «Demokrati og medborgarskap» byttes siste kulepunkt ut med elevråd og ungdomsråd - i punkt 3 under innsatsområde «Livsmeistring og folkehelse» byttes foreldrerettlegg ut med temadag for foreldre	Styringsgruppa
04.	12.02.2019	Lagt: <ul style="list-style-type: none"> - Kristin Moe til i Styringsgruppa - Susanne Vaktskjold til i prosjektgruppa 	Prosjektansvarleg